



Vest

Landbrukstenester SA

Protokoll årsmøte Vest Landbrukstenester tysdag 15. mars 2016 kl 1200 - 1500 på Stryn Hotel

Desse møtte: Knut Johan Tjugen, Johnny Seljeset, Salvatore Ligia, Sonja Skåre Esperø, Heidi Håheim, Norunn Britt Rygg Seljeset, Joar Sunde, Magnar Barmen. I tillegg møtte Liv-Ingrid Iversen Rand og Knut Sigurd Gald frå administrasjonen.

Til saman var det 13 personar på årsmøtet.

Knut Johan ynskte velkomen.

Saksliste

Sak 01 Godkjenning av innkalling og saksliste

Vedtak:

Ingen merknader, samrøystes godkjent.

Sak 02 Val av ordstyrar/møteleiar

Forslag: Knut Johan Tjugen.

Vedtak:

Knut Johan Tjugen samrøystes vald.

Sak 03 Val av 2 personar til å skrive under møteboka

Forslag: Johnny Seljeset og Bente Drageset

Vedtak:

Johnny Seljeset og Bente Drageset samrøystes vald.

Sak 04 Årsmelding 2015

Knut Johan gjekk igjennom årsmeldinga.

Vedtak:

Ingen merknader, samrøystes godkjent.

Sak 05 Styret si årsmelding 2015

Knut Johan gjekk gjennom styret si årsmelding. Det relativt høge underskotet, som i 2015 skuldast kostnader med ekstra mykje køyregodtgjersle til landbruksvikarverksemda og underskot på landbruksvikarrekneskapen samt kostnader med fusjonen, vart kommentert og at det har vore underskot fleire år på rad. Vest LT har lege lågt i påslag for at medlemmane skulle få avløyning så rimeleg som muleg. Påslaget er no justert, slik at vi skal gå i balanse i komande år. Styret si årsmelding vart teke opp til godkjenning i lag med rekneskap og disponering av resultatet.

Vedtak:

Styret si årsmelding 2015 samrøystes godkjent.

Vest Landbrukstenester
Tonningsgata 4
6783 Stryn

tlf: 57 87 18 22
vakttlf: 488 94 245
e-post: vlt@n-lt.no

org.nr: 871 366 802 MVA
<http://www.vest-landbrukstjenester.no>
Sparebanken Sogn og Fjordane 3795 10 24172

Besøksadresse: Nordsida Næringsstove, Ulvedal.

Opningstider kl 09 – 15 måndag, tysdag og torsdag



Sak 06 Rekneskap 2015 – disponering av årsresultat (underskot)

Liv-Ingrid gjekk igjennom rekneskapen. Vidare vart revisjonsmeldinga frå Firda Revisjon og Rådgivning AS kommentert. Dei har revidert og godkjent rekneskapen.

Vedtak: Ingen merknad til rekneskapen, samrøystes godkjent.

Disponering av underskotet

Styret si tilråding: Underskotet kr 145 488 vert å dekke av fri eigenkapital (Ny fri EK 544 901).

Vedtak:

Styret si tilråding samrøystes godkjent.

Sak 07 Budsjett 2016

Liv-Ingrid gjekk gjennom budsjettet.

Vedtak:

Ingen merknad, samrøystes godkjent.

Sak 08 Årsplan 2016

Knut Sigurd gjekk gjennom årsplanen.

Vedtak:

Årsplanen for 2016 vart samrøystes godkjent.

Sak 09 Val etter vedtektene

- Val av styremedlem for 2 år
- Val av leiar for 1 år
- Val av nestleiar for 1 år
- Val av vararepresentantar til styret for 1 år
- Val av revisor for 2016
- Val av medlem og vara medlem til valnemnda

Valet til styret vart leia av valnemnda ved Svein Per Ervik.

Val av styremedlem for 2 år

- Knut Johan Tjugen på val. Forslag frå valnemnda Torhild Kleppe, ingen andre forslag. *Vald ved akklamasjon.*
- Johnny Seljeset på val. Forslag frå valnemnda Gunnar Øen, ingen andre forslag. *Vald ved akklamasjon.*
- Heidi Håheim på val. Forslag frå valnemnda om attval, ingen andre forslag. *Vald ved akklamasjon.*

Val av leiar for 1 år

- Knut Johan Tjugen på val. Forslag frå valnemnda Norunn Britt Rygg Seljeset, ingen andre forslag. *Vald ved akklamasjon.*



Val av nestleiar for 1 år

- Johnny Seljeset på val. Forslag frå valnemnda Heidi Håheim, ingen andre forslag. *Vald ved akklamasjon.*

Val av vararepresentantar til styret for 1 år

- 1. Magnar Barmen på val. Forslag frå valnemnda om attval, ingen andre forslag. *Vald ved akklamasjon.*
- 2. Ragnvald Bergset på val. Forslag frå valnemnda om attval, ingen andre forslag. *Vald ved akklamasjon.*
- 3. Magne Øen på val. Forslag frå valnemnda om attval, ingen andre forslag. *Vald ved akklamasjon.*

Val av revisor og valnemndmedlem vart leia av Knut Johan Tjugen.

Val av revisor for 2016

- Det vart sett fram forslag om at årsmøtet gjev styret fullmakt til å peike ut revisor for 2016. *Årsmøtet gav styret fullmakt til å peike ut revisor for 2016.*

Val av valnemndmedlem

- Forslag frå styret om val av Einar Helge Tomasgard som nytt medlem i valnemnda og nytt vara medlem til valnemnda Oddfrid Bakke, samt attval av Åge Ervik og Gunnar Hjelle som vara medlem, ingen andre forslag. *Vald ved akklamasjon.*

Styret for 2016 ser slik ut

- Norunn Britt Rygg Seljeset leiar
- Heidi Håheim nestleiar
- Sonja Skåre Esperø
- Salvatore Ligia
- Gunnar Øen
- Torhild Kleppe
- Hans Petter Hånes tilsettrepresentant

Varamedlemmar

- 1. Magnar Barmen
- 2. Ragnvald Bergset
- 3. Magne Øen

Varamedlem tilsettrepresentant

Joar Sunde

Revisor

- Vert utpeika av styret

Valnemnd

- Svein Per Ervik leiar
- Bente Drageset
- Einar Helge Tomasgard



- Åge Ervik vara
- Gunnar Hjelle vara
- Oddfrid Bakke vara

Sak 10 Godtgjersle til tillitsvalde

- Godtgjersla til tillitsvalde har vore på kr 1 000 pr møte sidan 2014.
- Godtgjersle til styreleiar har vore kr 7 500 pr år sidan 2014.
- Valnemnda går inn for å behalde noverande godtgjersle.

Vedtak

Det vert ingen endringar av godtgjersla til dei tillitsvalde

Knut Sigurd delte ut blomster til medlemane av styret, Johnny og Knut Johan, som gjekk ut av styret. Overrekte også ei bok til Knut Johan som takk for sju år som styreleiar.

Knut Sigurd Gald
- Referat -

Johnny Seljeset
- underskrift møtebok -

Bente Drageset
- underskrift møtebok -